

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 30.01.2023

**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik og Thomas Homme Pettersen

**SAKA GJELD:** **Konsernbudsjett 2023, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2022/1066

**STYRESAK:** 006/23

**STYREMØTE:** 15.02. 2023

### FORSLAG TIL VEDTAK

- Inntektsramme for 2023 som blei vedtatt under sak 120/22 blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2023 vs. styrsak 120/22 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2023 - sak 120/22	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 832
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Endring RBF	-12	-5	-19	-4			-39
Behandling av sesksuallovbruddsdømde	3 114	-3 114	3 211	-3 211		0	0
Hjemmestester livmorhalsprogrammet	157	85	206	52		-500	0
<b>Endring øremerka tilskot</b>							
Tannhelseteneste i sjukehus			-600				-600
Barnepalliative team						5 700	5 700
Turnustjeneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar						345	345
LIS 1 stillingar						50 414	50 414
Forskning og medisinske kompetansesentra						-37	-37
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							
Oppdatering inntektsramme	51 749	9 429	8 670	2 975			72 823
Vestlandslegen SUS	22 000	0	0	0	0	-22 000	0
Beredskapslager B180						-11 000	-11 000
Interne gjestepasienter (10% påslag)			6 917				6 917
Oppdatering av feil i fordelingen i desembermøtet					11 543	-3 000	8 543
TSB						-61 929	-61 929
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar						-12 515	-12 515
Fagnettverk flyttet ut av prosjekt (skal fordeles til HF)						7 100	7 100
Satsingar som blir fordelt seinare						-1 837	-1 837
Regionale og nasjonale fellesprosjekt						-1 000	-1 000
Renteinntekt						-5 000	-5 000
Administrasjon						-395	-395
							0
<b>Sum endringar</b>	<b>77 008</b>	<b>6 396</b>	<b>18 385</b>	<b>-187</b>	<b>11 543</b>	<b>-55 654</b>	<b>57 490</b>
<b>Oppdatert inntektsfordeling 2023</b>	<b>8 113 358</b>	<b>3 959 723</b>	<b>12 588 166</b>	<b>3 128 100</b>	<b>984 614</b>	<b>3 691 362</b>	<b>32 465 322</b>

## 2. Justert inntektsramme fordelt per helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	338 185	-	6 922 790
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 555 338	2 827 490	7 918 731	2 402 941			18 704 499
Resultatbasert finansiering	41 771	17 555	66 846	13 290			139 461
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	521 496	209 161	1 357 376	99 548	646 429	3 691 362	6 525 371
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 241	1 656	0		173 200
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 113 358	3 959 722	12 588 165	3 128 099	984 614	3 691 362	32 465 321

## 3. Resultatkravet for 2023 blir fastsett som følgjer:

Konsernbudsjett	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukhus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2023	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000

## 4. Investeringsbudsjettet for 2023 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 794 661	210 000	1 237 000	600 100	13 000	30 000		4 884 761
Medisinteknisk utstyr	258 803	15 000	173 000	12 500				459 303
IKT						568 275		568 275
Anna	84 758	10 000	165 000	8 600	35 200			303 558
Sum investeringar 2023	3 138 222	235 000	1 575 000	621 200	48 200	598 275	0	6 215 897

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2022 er endelig klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjetttramma.
- Utbetaling av innvilga interne lån blir vurdert opp mot behov for tilgjengelig likviditet.
- Nye interne lån blir saksbehandla etter søknad og lagt fram for styret i juni-møtet.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
- Budsjetterte resultat i føretaksgruppa er for låge til å gje berekraft til nye større investeringar. Styret vil derfor understreke at det blir viktig å gjennomføre tiltak for å betre resultatata mest mogleg både i inneverande år og i åra framover

## Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 7. desember 2022 sak 120/22 Inntektsfordeling og resultatkrav 2023. Det er saka frå desembermøtet som gir ein utfyllande utgreiing av dei ulike budsjettpostane som ligg til grunn for inntektsramme og resultatkrav 2023.

Denne saka tar opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2023. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 120/22 B som no er innarbeidd i oppdatert inntektsramme for 2023 til helseføretaka.

Denne saka omhandlar og konsernbudsjett, investeringsbudsjett med finansieringsgrunnlag og likviditetsbudsjett for 2023.

I styresak 120/22 vart det fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2023:

### Inntektsramme:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
<b>SUM, ISF</b>	<b>1 986 799</b>	<b>903 169</b>	<b>3 083 972</b>	<b>610 665</b>	<b>336 479</b>	<b>-</b>	<b>6 921 084</b>
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 504 836	2 818 737	7 911 927	2 400 432			18 635 932
Resultatbasert finansiering	41 782	17 559	66 865	13 294			139 500
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	498 092	208 399	1 348 387	99 029	636 591	3 747 016	6 537 515
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 841	1 656	0		173 800
<b>SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF</b>	<b>8 039 464</b>	<b>3 950 213</b>	<b>12 572 991</b>	<b>3 125 076</b>	<b>973 071</b>	<b>3 747 016</b>	<b>32 407 831</b>

### Resultatkrav:

Dei økonomiske rammene som ligg til grunn i statsbudsjettet for 2023 er særst stramme og ikkje tilstrekkelege for å oppretthalde tidlegare fastsette resultatkrav frå sak om førebels inntektsfordeling 2023.

Helseføretaka har med basis i sak 120/22 behandla og vedtatt sine budsjett for 2023 i dei respektive styra i desember og januar. Innretninga på budsjetta er særst krevjande og innehar ein relativt stor risiko. Føretaka må halde trykk og framdrift på dei tiltaka som er jobba med i 2022. Men det vil og vere behov for å gjennomføre og få effekt av ytterlegare tiltak i 2023. Dette blir det viktig å ha ein tett oppfølging av utover året.

Resultatkravet i føretaka er som følgje av dei økonomiske rammene no sett tilnærma til eit balanseresultat. For å handtere risiko samt heilt nødvendig likviditet til investeringsprosjekt, er resultatkravet i RHF-et sett til 350 mill. kroner. Det er ikkje innarbeidd nokon reserve i tillegg til dette resultatkravet.

Justert resultatkrav for 2023 blir med basis i budsjettbehandlingane i helseføretaka og dei økonomiske rammene som no føreligg frå Staten, føreslått som følgjer:

Konsernbudsjett	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2023	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000

Oppdatering av inntektene frå staten samt forslag til endringar i inntektsramma til helseføretaka er nærmare omtalt nedanfor i denne saka. Budsjetterte resultat i føretaksgruppa er med dette for låge til å gje berekraft til nye større investeringar. Det er derfor viktig ha fokus på tiltak for å betre resultatata mest mogleg både i 2023 og i åra framover.

Oppdatert inntektsramme til helseføretaka blir føreslått som følgjande:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	338 185	-	6 922 790
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 555 338	2 827 490	7 918 731	2 402 941			18 704 499
Resultatbasert finansiering	41 771	17 555	66 846	13 290			139 461
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	521 496	209 161	1 357 376	99 548	646 429	3 691 362	6 525 371
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 241	1 656	0		173 200
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 113 358	3 959 722	12 588 165	3 128 099	984 614	3 691 362	32 465 321

Oppdatert oversikt over detaljer relatert til inntektsramme 2023 og kjøp av helsetenester for 2023 ligg som vedlegg til denne saka.

## Fakta

### 1. Inntektsramme frå staten

#### 1.1. Oversikt over inntekter frå staten (Oppdragsdokument 2023)

Inntektspostar som følgjer av Statsbudsjett 2023 og Oppdragsdokumentet 2023 er no oppdatert og innarbeidd i inntektsramma i Helse Vest RHF. Tabellen nedanfor visar oppdatert inntekt frå staten:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	Inntektsramme 2023 (St.prp. 1)	Endelig inntektsramme 2023	Endring
Kvalitetsbasert finansiering		732. 71	139 500	139 461	-39
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)		732. 76	7 031 249	7 032 955	1 706
<b>Basisramme</b>		<b>732. 73</b>	<b>24 904 372</b>	<b>24 904 372</b>	<b>0</b>
Forskning og medisinske kompetansesenter		732. 78	174 800	174 763	-37
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar		732. 70	7 600	7 946	346
Landsdekkende modell for rettspsykiatri		732. 70	1 200	1 200	0
<b>LIS-stillinger</b>		<b>732. 70</b>		<b>50 414</b>	
Medisinske undersøkingar på barnehusa		732. 70	7 000	7 000	0
<b>Barnepalliative team</b>		<b>732. 70</b>		<b>5 700</b>	
<b>Substitusjonsbehandling</b>		<b>732. 70</b>	<b>14 000</b>	<b>14 000</b>	
Bjergvin fengsel		732. 70	5 400	5 400	0
Heroinassistert rehabilitering		732. 70	19 000	19 000	0
<b>Persontilpasset medisin - overført via Helse Sør-Øst</b>		<b>732. 70</b>	<b>14 510</b>	<b>14 510</b>	<b>0</b>
Bioteknologiloven		732. 70	6 500	6 500	0
Tannhelseteneste i sjukehus		770. 21	<b>5 100</b>	<b>4 500</b>	-600
Tilskot til protonsentor - Investeringsstilskot		732. 81	<b>77 600</b>	<b>77 600</b>	<b>0</b>
<b>Sum, estimert inntekt frå staten</b>			<b>32 407 831</b>	<b>32 465 321</b>	<b>1 376</b>

ISF inntektene er ei overslagsløyving som er berekna med basis i bestilling/anslag på DRG poeng. Anslaget er berekna med utgangspunkt i bestilling 2022, justert for vekstfjoresetnaden som ligg til grunn for statsbudsjett 2023 og endringa av ISF-graden frå 50 til 40%. Helsefjoretaka bereknar sine ISF inntekt med basis i budsjetterte DRG poeng.

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på 797,4 mill. kroner for 2023.

Poliklinisk psykisk helsevern og rusbehandling inngår i ISF ordninga. Desse inntektene er ikkje innarbeidd i tabellen ovanfor. Overslagsløyvinga for desse inntektene utgjor i 2023 458,9 mill. kroner. Det vil bli lagt inn eit akonto forskotsbeljop knytt til forventa ISF inntekt for psykisk helsevern og rusbehandling i den månadlege utbetalinga til helsefjoretaka.

Det er som fjoljje av endringa i inntektene frå staten samt interne budsjettendringar, gjort oppdatering av inntektsfordelinga til helsefjoretaka i forhold til det som blei lagt fram i sak 120/22. Under fjoljjer kommentarar til endringane som er lagt inn i budsjettet. Ei samla oversikt over desse endringane er vist i tabellen under pkt. 1.5.

## 1.2. Endringar som fjoljje av oppdateringar i basisramma frå staten

### 1.2.1. Behandling av seksuallovbrotsdjmde

I sak 120/22 blei midlar til behandling av seksuallovbrotsdjmde ved ein feil lagt inn på inntektsramma til Helse Fonna og Helse Fjorde. Desse midla skal til Helse Stavanger og Helse Bergen, og er no flytta til rett helsefjoretak.

### **1.2.2. Heimetestar livmorhalsprogrammet**

I sak 120/22 blei det ikkje gjort nokon fordeling av midlar til heimetestar i livmorhalsprogrammet. Desse midlane på 0,5 mill. kroner er no fordelt til helseføretaka etter inntektsmodellen, og vil frå 2024 bli innarbeidd i den samla inntektsramma til helseføretaka.

### **1.2.3. Resultatbasert finansiering**

Det er gjort ein mindre korreksjon i fordelinga av resultatbasert finansiering basert på endelege tal i Oppdragsdokumentet.

## **1.3. Endringar som følgje av øymerka tilskot frå staten**

### **1.3.1. Tannhelsetenesta i sjukehus**

Frå 2022 blei tilskot til orale helsetenester i sjukehus etablert som eit ordinært øymerka tilskot til deltakande sjukehus. Føremålet var å gje deltakande sjukehus større grad av føreseielege rammer med tanke på bemanning og fortsett drift. Dette inneber at status som forsøksordning vart avslutta. Ordinært øymerkt tilskot til deltakande sjukehus blir vidareført i 2023. Helse Vest er tildelt 4,5 mill. kroner til Haukeland universitetssjukehus og midlane blir fordelt til Helse Bergen. Dette er 0,6 mill. kroner lågare enn det som var estimert i sak 120/22 frå desembermøtet.

### **1.3.2. Barnepalliative team**

Dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å sørge for eit meir tilrettelagt tilbod om lindrande behandling og omsorg for dei aller sjukaste barna og deira familie, og ein tilstrekkeleg kompetanse gjennom barnepalliative team. I Helse Vest er det etablert eit regionalt barnepalliativt team under leing av Helse Bergen, og det skal etablerast lokale barnepalliative team i alle helseføretak.

Helse Vest er i Oppdragsdokumentet tildelt 5,7 mill. kroner i øymerka tilskot til Barnepalliative team. Midlane vil bli tildelt til helseføretak i eigen ekspedisjon.

### **1.3.3. Turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar**

Helse Vest er tildelt 7,946 mill. kroner i tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar. Dette er 0,345 mill. kroner høgare enn estimatet som blei lagt til grunn i sak 120/22. Midlane er tildelt som øymerka tilskot og vil bli fordelt til helseføretaka i eigen ekspedisjon.

### **1.3.4. LIS 1 stillingar**

Det er i Oppdragsdokumentet lagt til grunn ein vidareføring og fordeling av øymerka midlar til 100 nye LIS1-stillingar på til saman 42,640 mill. kroner til Helse Vest. Det er vidare lagt inn vidareføring av 31 nye LIS1-stillingar på til saman 7,774 mill. kroner til Helse Vest. Helse Vest vil ha ein gjennomgang og kvalitetssikring på fordelinga av stillingane. Dei øymerkete

midlane vil bli tildelt til helseføretaka i eigen ekspedisjon. Det er halde tilbake totalt 50,414 mill. kroner til føremålet.

#### **1.4. Endringar som følgje av interne fordelingar i inntektsramma og kjøp av helsetenester**

##### **1.4.1. Oppdatering av inntektsramma**

Helse Vest har sidan framlegg av sak 120/22 gjennomført ein oppdatering på fleire budsjettpostar som vil påverke fordeling av inntektsramma til helseføretaka. Det blir gitt ei nærmare omtale av dette relatert til enkeltpostar i denne saka.

Den største endringa er relatert til at avtalar innanfor tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige har vore gjenstand for ein anskaffingsprosess. Desse avtalane er no gjeldande og vil derfor få innverknad på helseføretaka sine oppgåver og ansvar innanfor TSB området. Den største endringa ligg i Helse Stavanger sitt opptaksområde. Dei nye avtalene får innverknad på inntektsramma til dei respektive helseføretaka i tråd med endra omfang på avtalane.

##### **1.4.2. Vestlandslegen**

I sak 120/22 blei det satt av budsjettmidlar med 22 mill. kroner til planlagd oppstart av 15 nye studieplassar ved SUS. Midlane blei ikkje fordelt i den aktuelle saka, men blir no fordelt til Helse Stavanger med 22 mill. kroner.

##### **1.4.3. Beredskapslager B180**

I sak 120/22 blei det satt av 25 mill. kroner som Helse Vest sin del av oppbygging av beredskapslager B180. Det har vore, og er forsett stor usikkerheit rundt kostnadsnivået som treffer dei regionale helseføretaka i 2023. Det er likevel vurdert slik at kostnadsnivået for 2023 vil vere lågare enn tidlegare anslått, og budsjettet blir derfor redusert med 11 mill. kroner til 14 mill. kroner for 2023. Reduksjonen i denne budsjettposten er fordelt til helseføretaka i den samla inntektsramma.

##### **1.4.4. Interne gjestepasientar**

Helse Bergen har ein netto tilstrømming av interne gjestepasientar gjennom abonnementsordninga i inntektsmodellen. Omlegginga av ISF frå 50 til 40% gir ein redusert kompensasjon som følgje av endra ISF grad og basistildelinga er justert for dette. I tillegg til sjølve justeringa av abonnementsordninga er tilskotet (10 % påslag) som ligg i

basisramma auka til 39,7 mill. kroner som er 6,917 mill. kroner høgare enn i endeleg inntektsfordeling 2023.

#### **1.4.5. Oppdatering av feil relatert til budsjett for private ideelle**

I sak 120/22 ble det gjort en feil relatert til berekning av inntektsramma til Haraldsplass diakonale sjukehus. Det er også gjort mindre justeringar i budsjettposten til de andre private ideelle. Det er no drøftingsrundar med dei private ideelle om dei økonomiske rammene for 2023. Desse er ikkje slutført enno, men det er lagt opp til at dette blir gjennomført innanfor den samla budsjettamma som er satt av til private ideelle for 2023.

#### **1.4.6. Nye avtaler innfor TSB-området**

Det er gjennom anskaffingsprosess innanfor TSB og det er implementert nye avtaler som er gjeldande frå 2023. Budsjettet i RHF-et er justert i tråd med implementeringa av dei nye avtalene og utgjør om lag 61,9 mill. kroner i redusert kjøp hos private. Desse midlane blir fordelte gjennom inntektsmodellen i tråd med endringane i TSB-avtalane innanfor det respektive helseføretaksområdet.

#### **1.4.7. Regionale og nasjonale fellesprosjekt samt regionale fagnettverk**

I sak 007/23 Administrasjonsbudsjett 2023 er det gitt ei nærmare utgreiing av forslag til regionale og nasjonale fellesprosjekt. Samla sett viser denne oversikta ein reduksjon frå 2022 på 12,5 mill. kroner. I dette beløpet ligger det og ei overføring av regionale fagnettverk på 7,1 mill. kroner som ikkje er prosjekt men blir budsjettert som fagnettverk og i neste omgang fordelt til dei helseføretaka som er ansvarleg for fagnettverket. Netto endring i budsjettet til RHF-et blir ein reduksjon på 5,4 mill. kroner.

#### **1.4.8. Satsingar som blir fordelt seinare**

I sak 120/22 blei det sett av 26,7 mill. kroner til satsingar som blir fordelt seinare. Det har blitt gjort mindre oppdateringar av enkelte budsjettpostar og inndekkinga av desse er gjort gjennom ein reduksjon på 1,8 mill. kroner i denne budsjettposten slik at budsjettet no utgjør 24,9 mill. kroner. Midlane vil bli vurdert opp mot viktige satsingsområde som ikkje er fanga opp i denne saka.

#### **1.4.9. Renteinntekt**

Det er gjort ei ny vurdering av renteinntektene basert på renteutviklinga samt likviditet i RHF-et. Det blir no gjennomført ein anskaffingsprosess på ny bankavtale. Denne vil tre i kraft frå 1. mai 2023. Det er usikkert korleis denne vil påverke framtidig rentenivå, men ut frå utviklinga gjennom 2022 og prognosen på rentenivået framover, er det likevel vurdert at budsjettet for renteinntektene i RHF-et kan aukast med 5 mill. kroner i høve til det som blei føresett i sak 120/22.



#### 1.4.10. Administrasjonsbudsjett

I sak 007/23 Administrasjonsbudsjett 2023 blir budsjetttramma for administrasjonen behandla. Det er i denne saka lagt opp til ein reduksjon på 0,395 mill. kroner i forhold til budsjettet som blei lagt til grunn i sak 120/22. Det blir vist til ovannemnde sak for nærare detaljar om administrasjonsbudsjettet.

#### 1.5. Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

Endringar i inntektsramma for 2023 vs. styrsak 120/22 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2023 - sak 120/22	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 832
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Endring RBF	-12	-5	-19	-4			-39
Behandling av sesksuallovbruddsdømde	3 114	-3 114	3 211	-3 211		0	0
Hjemmestester livmorhalsprogrammet	157	85	206	52		-500	0
<b>Endring øremerka tilskot</b>							
Tannhelseteneste i sjukehus			-600				-600
Barnepalliative team						5 700	5 700
Turnustjeneste i sjukehus for legar og fysioterapautar						345	345
LIS 1 stillingar						50 414	50 414
Forskning og medisinske kompetansesentra						-37	-37
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							
Oppdatering inntektsramme	51 749	9 429	8 670	2 975			72 823
Vestlandslegen SUS	22 000	0	0	0	0	-22 000	0
Beredskapslager B180						-11 000	-11 000
Interne gjestepasienter (10% påslag)			6 917				6 917
Oppdatering av feil i fordelingen i desembermøtet					11 543	-3 000	8 543
TSB						-61 929	-61 929
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar						-12 515	-12 515
Fagnettverk flyttet ut av prosjekt (skal fordeles til HF)						7 100	7 100
Satsingar som blir fordelt seinare						-1 837	-1 837
Regionale og nasjonale fellesprosjekt						-1 000	-1 000
Renteinntekt						-5 000	-5 000
Administrasjon						-395	-395
							0
Sum endringar	77 008	6 396	18 385	-187	11 543	-55 654	57 490
Oppdatert inntektsfordeling 2023	8 113 358	3 959 723	12 588 166	3 128 100	984 614	3 691 362	32 465 322

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordelinga til helseføretaka for 2023 samt vedlegg 2 oppdatert budsjett for "Kjøp av helsetenester". Desse postane er tidlegare omtala under sak 120/22 B Inntektsramme og resultatkrav 2023.

## 2. Konsernbudsjett 2023

Helseføretaka har med basis i sak 120/22 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2023, fatta vedtak om budsjett 2022 i sine respektive styrer. Resultatkravet er føreslått som følgjer:

Konsernbudsjett	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteke vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2023	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2023 som følger:

### Budsjett 2023 - Føretaksgruppa

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter</b>										
Basisramme	6 057,1	2 818,7	9 404,0	2 516,0	-	-	24 732,1	172,2	-20 795,8	24 904,4
ISF inntekter	2 124,0	978,0	3 703,7	670,9	-	-	7 033,0	-	-7 476,6	7 033,0
Polikliniske inntekter	500,9	170,7	939,1	174,3	-	-	797,4	-	-600,0	1 982,5
Andre inntekter og tilskudd	268,7	272,5	931,3	75,5	1 478,9	1 631,3	700,2	7,8	-2 775,2	2 591,1
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>8 950,8</b>	<b>4 240,0</b>	<b>14 978,1</b>	<b>3 436,7</b>	<b>1 478,9</b>	<b>1 631,3</b>	<b>33 262,7</b>	<b>180,0</b>	<b>-31 647,6</b>	<b>36 510,9</b>
Varekostnader	1 650,1	678,6	2 168,8	502,4	1 158,8	30,5	32 260,2	-	-30 016,3	8 433,1
Personalkostnader	5 939,4	2 801,0	10 523,2	2 295,1	217,9	516,8	-	119,6	-	22 413,0
Andre driftskostnader	1 096,1	507,3	1 660,3	519,2	86,7	676,8	700,0	60,4	-1 631,3	3 675,5
Avskrivninger	231,0	213,4	596,5	101,0	7,1	342,2	2,5	-	-	1 493,8
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>8 916,5</b>	<b>4 200,3</b>	<b>14 948,8</b>	<b>3 417,7</b>	<b>1 470,6</b>	<b>1 566,3</b>	<b>32 962,7</b>	<b>180,0</b>	<b>-31 647,6</b>	<b>36 015,3</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>34,3</b>	<b>39,7</b>	<b>29,3</b>	<b>19,0</b>	<b>8,3</b>	<b>65,0</b>	<b>300,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>495,6</b>
Finansinntekter	-	-	-	-	0,7	-	50,0	-	-	50,7
Finanskostnader	24,3	39,7	29,3	19,0	-	64,0	-	-	-	176,3
<b>Finansresultat</b>	<b>-24,3</b>	<b>-39,7</b>	<b>-29,3</b>	<b>-19,0</b>	<b>0,7</b>	<b>-64,0</b>	<b>50,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-125,6</b>
<b>Resultat</b>	<b>10,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>-0,0</b>	<b>9,0</b>	<b>1,0</b>	<b>350,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>370,0</b>

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt, polikliniske inntekter og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeidd alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil påverke både inntekts- og kostnadslinjer, men ikkje resultatet.

### 3. Investeringsbudsjett 2023

Styret i Helse Vest behandla i møte den 7. desember 2022 sak 119/22 Justert Økonomisk langtidsplan 2023-2027. I denne saka var hovudkonklusjonen som følger:

- Investeringsprosjekt som allereie er i gang eller er i slutfasen må ferdigstillast
- Investeringsprosjekt der det ikkje er inngått forpliktande avtale må vurderast på ny i forhold til avklaring på dei økonomiske rammene og berekraft
- Føretaka kan uansett halde fram med planleggingsarbeidet og legge til rette for at investeringsprosjekt eller delar av investeringsprogrammet kan bli lagt fram til avgjerd når dei økonomiske rammene og berekraft er forsvarlege.

Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2023 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2023. Endeleg investeringsbudsjett blir behandla i helseføretaka sine styrer med basis i det endelege resultatet for 2022, samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Det er stor usikkerheit i dei økonomiske rammene for 2023. Helseføretaka har justert sine investeringsplanar med basis i oppdaterte resultatkrav som i det store og heile er eit balansekrav. Samtidig må det understrekast at det å nå eit balansekrav vil være krevjande og at helseføretaka ikkje nødvendigvis har ei komplett tiltaksliste som vil løyse dette. Dette er eit forhold som helseføretaka i saman med sitt styre må jobbe vidare med å finne løysinga på.

Dette inneber at det er stor usikkerheit knytt til resultatføresetnaden som ligg til grunn for investeringsbudsjettet for 2023. Helseføretaka må derfor vere førebudd på at det kan være nødvendig å gjere justeringar dersom det budsjetterte resultatet ikkje blir oppnådd.

Det er og store forskjellar i likviditeten i helseføretaka, der mellom anna Helse Stavanger og Helse Fonna har positiv likviditet, medan Helse Bergen og Helse Førde vil ha negativ likviditet og må trekke på driftskredittramma. Det er fleire årsaker til dette, både historiske årsaker men og resultatutvikling, framdrift på investeringar og utbetaling av lån.

I ein slik situasjon kan det være nødvendig at Helse Vest må gjere ei vurdering på utbetalingsplanen for mellom anna innvilga interne lån. Dette inneber at helseføretak som faktisk har positiv likviditetsbeholdning ikkje nødvendigvis får utbetalt interne lån i 2023, men at det kan være nødvendig å halde dette tilbake til behovet for likviditet faktisk er der.

Helse Vest har ein stram økonomisk situasjon. Derfor er det naudsynt å kunne styre likviditet dit behovet er størst. Ein reiskap er å styre tidspunkt for utbetaling av interne lån. Det kan og i periodar vere naudsynt å be helseføretaka om å trekke på driftskreditt.

Dette er eit forhold som må følgjast opp i prosessen med rullering av ØLP våren 2023, og i denne saka blir det ikkje lagt fram forslag om tildeling av nye interne lån.

Helse Vest har likevel i denne saka innarbeidd dei føresetnadene som helseføretaka har lagt til grunn for interne lån, hovudsakeleg for å få eit bilete av at dei samla vurderingane rundt investering og finansiering balanserer.

### 3.1. Samla investeringsbudsjett Helse Vest

Det samla investeringsbudsjettet for 2023 er som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
